

17.mai-buffèt og tapastreff på Oska.

15.05.2017



Ordet om den gode matplassen på Sandakaien spreier seg meir og meir.

Når programmet ebbar mot slutten nasjonaldagen, kan vi avrunda feiringa med eit herleg måltid på Oska. Som i fjar, inviterer den gode restaurangen til 17.mai-buffèt frå kl.15 og utover. Fredag følgjer dei så opp med lønningstreff/vennetreff med tapas. Dette vart svært så populært første gongen dei hadde det for ei tid tilbake.

Roy Lervåg i fortel at dei 17.mai har eit rikhaldig buffèt som er fylt med herlege rettar både av kaldmat, varmmat og søtmat. Her vil det vera noko for alle både små og store. Tilbakemeldingane på fjorårets buffèt var svært gode. Det var dei også no i mai då eit russekull frå 90-åra hadde reunion på Oska. Dei skreiv følgjande melding på facebooksida til Smakifrå der dei gav maten toppkarakter: **Fantastisk! Vi hadde Russejubileum og buffet. Eg smakte på alt, og det var utsøkt, nydeleg, godt, ei smaksoppleving frå ende til annan! Tusen takk til Roy og dei andre for ein kjempefin kveld!**

Ei minst like flott smaksoppleving kan vi få 17.mai, men då må vi bestilla på rokokk@gmail.com eller 91864091 i løpet av dagen i dag, 15.mai. Då eg snakka med Roy Lervåg for nokre dagar sidan, hadde han alt fått inn ein god del bestillingar

Fredag vert det altså nytt 'lønningstreff' eller 'vennetreff' på Oska. Desse treffa er retta mot firma, vennegjengar og grupper som ønskjer å samlast på litt uformelt vis. På desse treffa er det tapas som er på menyen, og etter det første som vart arrangert for ei tid tilbake, var gjestene særdeles fornøgde. Til dette må det bestillast innan 16.mai.

Siste dagane i mai vert det mykje kjekt på Oska. Kristi Himmelfartsdag vert sommarutstillinga med fotokunstnaren Jorunn Larsen opna. Same kveld vert det konsert med tradjazz, irske tonar og fransk

cafèmusikk. Fredagen etter vert det quiz med Sammy før helga vert avrunda med ein herleg søndagsmiddag på vanleg Smakifrå-vis.

SmakifråOska har no hatt det travelt med både private selskap og catering. Det håper Roy Lervåg skal halda fram samstundes som han ser fram til ein betre sommarsesong og meir finver enn i fjar.

Ein oversikt over det som skjer i mai på Oska finn de ved å klikka [HER](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland